
Fra: Marius Tenden <kontor@hamm-kam.no>
Sendt: onsdag 4. september 2019 09:22
Til: Silje Aileen Hjortland Haukedal
Emne: Innspel til sak på gbnr: 100/23

God morgon ☺

Beklagar att eg er treig.
Her er våre innspel:

«Sjølv om tiltakshavar seier at det berre er aktuelt å byggje ut to av tomtane, er dette forhold som vil kunne endre seg.»

Det att gult areal søraust for 100/24 er særst bratt og ikkje eigna kan no ikkje endre seg.

Om ein vel å ikkje tru på att det ikkje skal byggjast fleire bustader i området, kan ein reflektere rundt dette;

Sidan det ikkje er fleire frådelt eigeedomar i arealet, er ein sterkt ueining i att det vil vere vanskeleg å krevje plan i området i framtida.

Det vert tvert imot veldig enkelt å sei att det ikkje kan delast frå fleire tomtar utan plan.

Fylkesmannen seier i same brev att ein «tilkomstveg igjennom ei bustadtomt til ei anna er også ei dårleg løysing i eit langtidsperspektiv»

Då må jo vegen planleggast i LNF området uansett, så dispensasjon i denne saka vil ikkje på noko måte hindre å krevje plan, dersom grunnfjellet og terrenget på magisk vis endrar seg og det skal skiljast ut fleire eigeedomar.

«Tilkomst til området er også noko som bør vurderast i plan, då det er overflatedyrka jord mellom vegen og bustadformålet.

Vegen er heller ikkje samsvar med arealformålet.

Tilkomstveg igjennom ei bustadtomt til ei anna er også ei dårleg løysing i eit langtidsperspektiv, særleg med tanke på nabokonflikta»

Det er Vegvesenet som har lagt føringar for kvar vegen skal vere, her gløymer Fylkesmannen att ein allereie har avklara dette med Vegvesenet, sjølv om dette hadde vore gjennom ein planprosess hadde plasseringa av avkjørsla kome på same plass, då dette er det punktet med best sikt.

Kva arealføremål vegen har må no vere mindre viktig enn att sikta og sikkerheita er på plass.

Då står ein igjen med att vegen går over LNF område, det kjem ein jo ikkje vekk ifrå, ein kan ikkje trylle vekk overflatedyrka jord sjølv om ein har ein planprosess.

Vegen er plassert først og fremst etter føringane frå Vegvesenet, i andre omgang med tanke på å stele minst mogleg av den overflatedyrka jorda, det lar seg ikkje gjere å stele mindre.

Ein skjønar att dette er meir prinsipp enn logikk når Fylkesmannen verken vil ha veg gjennom LNF eller gjennom ein bustadtomt, bru til kvar tomt er sikkert ein god ide, men kanskje litt ekstravagant.

Grunneigarar av kringliggjande bruk i drift saman med tiltakshavar og ansvarleg prosjekterande har saman funne den beste løysinga for dette arealet, teknisk etat seier seg einig.

Vidare tenkjer rådmann, landbrukssjef og ei gruppe folkevalde i kommunen att løysinga er grei.

Då vert det med det mest skånsomme adjektivet eg kjem på; «rart» att dette kan avfeiest med nokre linjer frå ein instans som ikkje kjenner lokale forhold, ikkje har vore på synfaring, eller har satt seg skikkeleg inn i saka.

Ein stel ikkje meir enn høgst naudsynt LNF område, strandsona er så bratt att det knapt kan kallast strandsona og arealet har rett farge, ikkje noko av dette endrar seg i ein planprosess.

Det att området har fått krav om regulering er uheldig, men her har ein sikra seg ei god løysing for dei tomtane det er aktuelt og byggje på.

Og faren for pressedens kan ein jo ikkje meine er til stades, her er heilt spesielle forhold som gjer att ein dispensasjon er den beste løysinga.

Det einaste som skjer ved å avslå dispensasjonen og krevje ein planprosess for dette området er att det vert for dyrt for to eigedomar å byggje ut, då står ein igjen som ein brukar når Fylkesmannen har sagt sitt, med fråflytting frå ein av dei mindre attraktive buområda i kommunen.

Det kan no ikkje vere naudsynt att ordføraren og må kaste seg på telefonen for att ei sak skal gå gjennom nålauga til Fylkesmannen.

Her er ein link til ein av gårsdagens sakar som varmar om hjarta (03.09) ☺:

<https://www.dagsavisen.no/innenriks/solberg-ber-fylkesmenn-holde-fingrene-unna-lokale-avgjorelser-1.1578450>

Marius